



Nelly har hatt småbarnstreff i 5 år. Her fristar ho med bollar.

Nelly Kjærland er ein av eldsjelane i bedehusmiljøet i Uskedalen og ho er sentral i fleire tiltak. Eitt av dei er småbarnstreffet, som ho avviklar anna kvar onsdag saman med gode hjelparar. I føremidag var det treff att og 9 smårollingar under skulealder hadde det triveleg i halvannan time saman med foreldra sine. Dei kom ikkje berre frå Uskedalen, men frå heile Kvinnherad!



Smårollingane kjem frå heile Kvinnherad!

3 var frå Uskedalen, 1 frå Sunde, 1 frå Rosendal. 1 frå Seimsfoss og 3 frå Valen.

- Det er ikkje alltid så lett å få uskedelingane til Bedehuset, seier Nelly, som no har nå halde det gåande med småbarnstreffa i vel 5 år. Oppslutnaden varierar, men det har vore så mange som 24 ein gong.

Sesongen startar i august og varar til 17. mai og hovedposten kvar gong er ei forteljing frå Bibelen. I dag var Daniel i løvehola og kong Darius dagens tema og dei små var intenst engasjert då Toril Langeland fortalde. Etterpå laga dei ei løve!

Jula set no etterkvart sitt preg på programmet. 28. november blir det juleverkstad, 14. desember skal det bakast julemenn og 27. desember kjem julefesten for små og store.

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen